



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 05.04.2022 kl. 17:15-20:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Terje Mork	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem (Ikkje til stades under vedtak i sakene 13-17)
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Forfall:

Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Innleiingsvis i møtet var nyttilsett kantor Sabina Baylarbayova med og presenterte seg, samt orienterte om vurdering av flygel, orienterte om behov for kjøp av instrument, samt behovet for å ta til med arbeidet med å utarbeide lokal plan for kyrkjemusikk.

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/8		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2022/9		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 25.01.2022	RUNE ZIENER
SR 2022/10		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2022/11		Flygel til Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2022/12		Årsmelding og årsrekneskap 2021	RUNE ZIENER
FR 2022/13		Tilbygg Vilnes kyrkje. Vidare framdrift.	RUNE ZIENER
FR 2022/14		Budsjettjustering 2022	RUNE ZIENER

FR 2022/15		Avtale med Atløykoret	RUNE ZIENER
FR 2022/16		Avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin bispedømmeråd og Askvoll sokneråd	RUNE ZIENER
SR 2022/17		Offerlister 2022	RUNE ZIENER

Askvoll, 05.04.2022

Rune Ziener
referent

SR 2022/8 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2022/9 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 25.01.2022

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 25.01.2022.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 25.01.2022.

SR 2022/10 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2022/6 Trusopplæringsutvalet: *Møtereferat 26.01.2022*

M 2022/7 Bjørgvin biskop: *Utvendig rehabilitering av Holmedal kyrkje. Godkjenning av tiltak. (18.03.2022)*

M 2022/8 Atløy Vel: *Tilgang til toalett ved Vilnes kyrkje (13./25.01.2022*

M 2022/9 Parkeringsplass Vilnes

M 2022/10 Drenering nye felt Askvoll kyrkjegard

M 2022/11 Soknepresten: *Spørsmål om innspel til visitasmelding (28.03.2022)*

M 2022/12 Soknepresten: *Framlegg til gudstenesteplan*

M 2022/13 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: *Møtereferat 04.04.2022*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2022/11 Flygel til Askvoll kyrkje

UTGREIING

Askvoll sokn har i nokre år hatt gåande ei «julegåveaksjon» der ein samlar inn gåvemidlar til eit flygel til Askvoll kyrkje. I gåvefondet står det kr 60.875,- pr. 31.12.2021, men ein har i tillegg fått inn kr 8.245,-så langt i 2022. Totalt disponibelt til flygel er altså kr 69.120,-.

Kyrjekontoret har fått tips om eit brukt flygel som står i Bergen Pianoforretning. Flygelet er prøvd av kontor, som tilrår kjøp av dette.

Flygelet er eit Samick flygel (Sør-Korea), mod. SG155, mørk kirsebærtre, som har vore i privat eige. Flygelet er frå 2001, og er kontrollert og gjennomgått av pianoforretningen. Det vert selt med 5 års garanti.

Tilbodsprisen er kr 61.500,- + MVA, inkludert levering til Askvoll kyrkje, og det følgjer med ny pianokrakk, og etterstemming i prisen. Det er lagt inn reservasjon til Askvoll sokn, og tilbodet står ved lag til 07.04.2022.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbodet frå Bergen Pianoforretning om det brukte Samick-flygelet.
2. Kjøpet vert finansiert av soknet sitt «Flygelfond».
3. Kjøpet vert innarbeidd i driftsbudsjettet for 2022.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbodet frå Bergen Pianoforretning om det brukte Samick-flygelet.
2. Kjøpet vert finansiert av soknet sitt «Flygelfond».
3. Kjøpet vert innarbeidd i driftsbudsjettet for 2022.

FR 2022/12 Årsmelding og årsrekneskap 2021

UTGREIING

Rekneskap og årsmelding for 2021 er lagt fram av kyrkjevevja.

Fristen er etter forskrift om økonomiforvaltinga for sokn i Den norske kyrkje § 17, 1. ledd 22. februar i rekneskapsåret, men ein har gått noko over denne.

Såleis vert ein også for seine med å fastsetje rekneskapen og årsmeldinga i rådet innan fristen 20. mars.

Revisor skal for kvart rekneskapsår avgje revisjonsberetning innan 30. april.

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 63.872,-, og etter forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkje § 17, 6. ledd skal mindreforbruk føres opp til bruk i det året rekneskapen vert lagt fram. Investeringsrekneskapen viser eit udisponert beløp på kr 573.215,-, og dette beløpet skal etter nemnte paragraf, 10. ledd, først opp som inntekt i investeringsrekneskapen det året rekneskapen vert lagt fram.

Bruk av driftsoverskot:

Askvoll sokn har erfaringsmessig ei utfordring når det gjeld vedlikehald av kyrkjegardar og gravplassar. Det har tidlegare vore diskutert om ein bør ta i bruk robotgressklipparar for å avhjelpe problemet, og frigjere arbeidstid for kyrkjegardsarbeidarar.

Med driftsoverskotet i 2021 har ein høve til å finansiere forsøk med robotgressklipparar på t.d. delar av kyrkjegarden i Askvoll. Kyrkjevevja har innhenta prisoverslag på dette, og ca.-pris vil vere omkring kr 50.000,- for to klipparar som kan handtere 3 mål på utvida gravplass i nord og området sør for kyrkja.

Udisponert beløp i investeringsrekneskapen:

Udisponert beløp i investeringsrekneskapen 2021, kr 573.215,- vert ført som inntekt i 2022 til med slik prosjektfordeling:

Tilbygg og brannsikring, Vilnes	Kr 540.715,-
Holmedal kyrkje	Kr 32.500,-
Sum	Kr 573.215,-

Årsmøte/soknemøte:

Etter kirkeordningen § 12, 7. ledd skal soknerådet ein gong pr. år gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet. Her er ingen særskilt frist, med det er tradisjon for å gjere dette når årsmelding og rekneskap er ferdig.

I år er det vanskeleg å finne ei dato utan at ein kjem opp i konfirmasjonstida eller tida med bispevisitas, om ein skal legge årsmøtet til ei gudsteneste.

Ein må ha eit nytt soknerådsmøte innan utgangen av april, då ein må vedta visitasmeldinga seinast 3 veker før visitasen. Ein kan då legge soknemøtet på kveldstid i tilknytning til dette møtet, og eit forslag er då tysdag 26. april for begge møta med soknemøte kl. 19.00 i Askvoll kyrkje.

Etter forskrift om menighetsmøtets virksomhet § 1 kallar soknerådet inn soknemøtet med

minst 14 dagars varsel. Møtet skal kunngjerast offentleg i kyrkja og i lokalavis eller kyrkjeblad, og for øvrig på den måten som soknerådet bestemmer.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding og årsrekneskap 2021 slik dei ligg føre.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i drifta vert nytta til forsøk med robotplenklipparar på Askvoll kyrkjegard med kr 50.000,- og resterande kr 13.872,- vert avsett til disposisjonsfond.
3. Udisponert i investeringsrekneskapen vert nytta slik: kr 540.715,- til brannsikring og tilbygg, Vilnes kyrkje og kr 32.500,- til Holmedal kyrkje.
4. Askvoll sokn sitt årsmøte vert lagt til 26. april kl. 19.00 i Askvoll kyrkje.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding og årsrekneskap 2021 slik dei ligg føre.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i drifta vert nytta til forsøk med robotplenklipparar på Askvoll kyrkjegard med kr 50.000,- og resterande kr 13.872,- vert avsett til disposisjonsfond.
3. Udisponert i investeringsrekneskapen vert nytta slik: kr 540.715,- til brannsikring og tilbygg, Vilnes kyrkje og kr 32.500,- til Holmedal kyrkje.
4. Askvoll sokn sitt årsmøte vert lagt til 26. april kl. 19.00 i Askvoll kyrkje.

FR 2022/13 Tilbygg Vilnes kyrkje. Vidare framdrift.

UTGREIING

Prosjekt brannsikring og tilbygg Vilnes

Som kjent er ein forseinka med prosjektet frå sommaren 2021, og arbeidet med sprenging og tank er sett på vent.

Askvoll formannskap har etter møte (13.10.2022), der leiar i soknerådet og kyrkjevevja var med for å orientere om status og framdrift for prosjektet vedteke i sak FOR 104/21 forventar at «det vert vurdert alternative løysingar av plassering av vanntanken for å få ned kostnader».

Saman med COWI har dette vore vurdert, men alternativet med forskyving av tankplassering mot aust (og altså lenger bort frå kyrkjegardsmuren), synest ikkje å vere eit reelt alternativ, då ein ikkje får aksept frå grunneigar for ei slik løysing.

Det vil vidare, etter kyrkjevevja si vurdering, tilkomme betydelege kostnader, om ein skal til med omprosjektering for alternativ plassering av tankanlegget.

Det ser såleis ut som at ein ikkje har realistiske alternativ til å setje ned tankanlegget på eksisterande parkeringsplass i samsvar med vedtekne og godkjente planar.

Kyrkjevevja har hatt ein ny gjennomgang av prosjektøkonomien med COWI etter at det er gjennomført fjellkontrollboring på parkeringsplassen, og det er gjort nye stipulat for kostnad til sprengingsarbeidet for å setje ned vanntank og septik.

Berekna restkostnad for prosjektet i 2022 er ca. kr. 3,420/3,167 millionar. Her låg føre divergerande summar på møtetidspunktet, då ulike kontraktssummar er lagt til grunn, så ein hadde ikkje endelege tal å halde seg til, men ein utgiftsdifferanse på ca. kr 252.000,- for dei to ulike kalkylene.

Soknet har ca. kr 2,990 millionar tilgjengeleg til prosjektet om ein nyttar heile det ubunde investeringsfondet, samt udisponert frå 2021 til prosjektet.

Ein manglar altså framleis ca. kr 430.000,-/178.000 til fullrealisering avhengig av kva kalkyle som vert lagt til grunn.

Entreprenøren er kontakta av kyrkjevevja med tanke på å kunne få ned kostnader innanfor gjeldande planar. Entreprenøren seier at ein mogleg kan ta ned prosjektkostnaden med kr 260.000,- om ein flyttar tankanlegget lengst mogleg bort frå kyrkjegardsmuren og prosjekterer den 1 meter smalare, så ein ikkje treng sikring med bolting og betongkant. Imidlertid ligg det her ein usikkerheit, og grunnforhold må verte vurdert fortløpande.

Om ein får til denne innsparinga, vil manglande finansiering verte redusert til ca. kr 170.000,-/eller ha ein margin på om lag kr 83.000,- i om ein legg lågaste kontraktssum til grunn.

Vurdering:

Det synest som om tankløysinga for vannforsyning til sprinklaranlegget til Vilnes kyrkje er meir eller mindre ferdig definert. Det ligg føre godkjenning av prosjektet, og alternative løysingar synest ikkje relevante eller realistiske.

Askvoll sokn har også inngått kontrakt med entreprenøren, og soknet vil no verte fakturert etter oppsette planar og inngåtte avtalar.

Forseinkingar i prosjektet har medført at kostnaden har auka, og ein bør unngå ytterlegare utsetjingar, som fører til ytterlegare kostnadsauke.

Ein bør no fullføre prosjektet, då ein treng vannforsyning til brannsløkkingsanlegget, om dette skal ha nokon funksjon.

Endeleg kostnadsdekning bør ein kunne komme tilbake til gjennom rekneskapsåret.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd fullfører prosjektet med tilbygg og brannsikring for Vilnes kyrkje etter inngåtte kontraktar og vedtekne planar.
2. Kyrkjeverja er i dialog med entreprenør om å redusere kostnadar til sprengingsarbeid og nedsetting av tank, ved å flytte denne lengst mogleg bort frå kyrkjegardsmuren.
3. Ein kjem tilbake til endeleg finansiering av kostnadsoverskridingar i løpet av rekneskapsåret.

MØTEHANDSAMING

Saksutgreiinga var ikkje klar til møtet, då kyrkjeverja ikkje hadde fått endeleg avklaring for kva som var rett kalkyle for gjenståande arbeid. Førebels utgreiing var lagt til grunn, og presentert og justert i møtet, og divergerande summar vart lagt inn i utgreiingsteksten i møtet som grunnlag for vedtaket.

Under drøftingar i møtet kunne kyrkjeverja stå inne for førebels utarbeidd innstilling som si innstilling til rådet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd fullfører prosjektet med tilbygg og brannsikring for Vilnes kyrkje etter inngåtte kontraktar og vedtekne planar.
2. Kyrkjeverja er i dialog med entreprenør om å redusere kostnadar til sprengingsarbeid og nedsetting av tank, ved å flytte denne lengst mogleg bort frå kyrkjegardsmuren.
3. Ein kjem tilbake til endeleg finansiering av kostnadsoverskridingar i løpet av rekneskapsåret.

FR 2022/14 Budsjettjustering 2022

UTGREIING

1. Investering

Brannsikring og tilbygg Vilnes

Sjå eiga sak. I justeringsoppsettet er lagt inn bruk av heile det ubunde investeringsfondet i soknet på kr 1.183.686,- og unytta investeringstilskot på prosjektet i 2021, kr 540.715,- for å tilføre prosjektet meir midlar.

Holmedal kyrkje

Her var budsjettert med unytta prosjektoverskot frå 2021 kr 41.500,-. Rekneskapen viser eit noko mindre overskot, så her må ein justerer ned finansieringa til kr 32.500,-. Finansieringa er også flytta frå ubunde investeringsfond til unytta i investeringsrekneskapen.

2. Drift

Kjøp av flygel til Askvoll kyrkje

Sjå eiga sak. Her kan ein nytte flygelfondet til finansiering av kjøpet, kr 62.000,-.

Bispevisitasen

Bispevisitasen i mai vil ha ein kostnad for soknet. Dette var ikkje teke høgde for i budsjettvedtaket i januar. Utgiftene vil stort sett vere knytt til servering på dei ulike møta og samlingane, men det kan også komme utgifter til båtskyss til Vilnes om ein får til dette i programmet, samt andre utgifter. Ein kan setje av t.d. kr 15.000,- totalt til visitasen, finansiert med fondsmidlar kyrkjelydsarbeid. Dette er nok ei romsleg ramme, men det kan vere fordelaktig å setje ei god margin, så ein ikkje treng ytterlegare justeringar.

Ungdomshelg i mars

I samband med Kyrkjedagane i Askvoll vart det gjennomført ei ungdomshelg for konfirmantar og annan ungdom. Denne er felles for Fjaler og Askvoll, og Askvoll tek ansvar for prosjektet inkl. rekneskapsføring.

I 2021 fekk ein frå Kyrkjerådet kr 10.000,- i stimuleringsmidlar (unytta i rekneskapsåret, og står no i fond), og eit tilskot på kr 4.500,- til barne-/ungdomstiltak no i år. Desse tilskota kan gå til delfinansiering av ungdomshelga. I samband med helga vert det og nokre fakturerbare utgifter for bispedømmet sitt SAMAN-team (kr 5.700,-).

Sjølve arrangementet er budsjettert til ca. kr 25.000,- i utgifter, men her ligg også inne utgifter til konfirmantopplegget ein uansett ville hatt og som er budsjettert. Ein kan auke opp utgiftsposten totalt svarande til tilleggssinntektene over, i tillegg, altså kr 20.200,-.

Mindreforbruk i driftsrekneskapen i 2021

(Sjå eige avsnitt i sak om vedtak av årsrekneskapen 2021, og bruk av inntil kr 50.000,- til

forsøk med robotklipparar til Askvoll kyrkjegard). Driftsrekneskapen for soknet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 63.872,-.

Samla justeringsforslag:

	Utgifter opp/	Utgifter ned/	
Investeringsbudsjettet 2022	innt. ned	innt. opp	
42300.200.04200.000.1009	258401		Byggeutgifter
49300.200.04200.000.1009		-540715	Bruk av unytta investeringsmidlar
49480.200.04200.000.1009	282314		Bruk av ubunde investeringsfond
SUM	<u>540715</u>	<u>-540715</u>	

42300.200.04200.000.1013		-9000	Byggeutgifter
49300.200.04200.000.1013		-32500	Bruk av unytta investeringsmidlar
49480.200.04200.000.1013	41500		Bruk av ubunde investeringsfond
SUM	<u>41500</u>	<u>-41500</u>	

Driftsbudsjettet 2022

32000.200.04200.000.0000	62000		Kjøp av flygel
39500.200.04200.000.0000		-62000	Bruk av flygelfond
31200.200.04200.000.0000	15000		Andre utgifter (bispevisitas)
39500.200.04200.000.0000		-15000	Bruk av bunde fond kyrkjelydsarbeid
32200.200.04300.000.0000	50000		Kjøp av robotklipparar
35400.200.04100.000.0000	13872		Avsett til disposisjonsfond
39300.200.04100.000.0000		-63872	Bruk av tidlegare års rekneskapsoverskot
31200.200.04400.000.80xx	20200		Utgifter til ungdomshelg
39500.200.04400.000.80xx		-10000	Bruk av fond til leir og leiartrening
37700.200.04400.000.80xx		-5700	Refusjonar frå andre
38050.200.04400.000.80xx		-4500	Tilskot frå rettssubjektet den norske kyrkja
Sum	<u>161072</u>	<u>-161072</u>	

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investerings- og driftsbudsjett 2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investerings- og driftsbudsjett 2022 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

FR 2022/15 Avtale med Atløykoret

UTGREIING

Kyrkjeverja er kontakta av Atløykoret etter at ein i Askvoll sokn fekk tilsett ny kantor, då koret ønskjer å nytte kantor som dirigent (om lag 100 timar på årsbasis).

Kantor er svært positiv til dette, og ønskjer dette tilleggsarbeidet, men Atløykoret ønskjer å unngå alt det administrative knytt til å tilsette eigen dirigent og påta seg arbeidsgivaransvar, då dei er eit frivilleg lag.

Askvoll sokn har allereie arbeidsgivaransvar for kantor, og det er ei enkel sak å handtere ekstra utlønning for tilleggsarbeid for koret.

Det er to alternativ for å handtere slikt ekstraarbeid.

- Kantor kan få ein oppjustert stillingsprosent på ca. 5% (finansiert av koret)
- Kantor kan utlønast med tilleggstimar (finansiert av koret)

Vurdering:

Askvoll sokn bør kunne ta på seg det arbeidsgivartekniske for at kantor kan ha tilleggsarbeidet som kordirigent for Atløykoret.

Ei fast oppjustering av stillingsprosenten for kantor, vil gi permanente forplikingar for soknet som arbeidsgivar, og ein vil vere avhengig av at Atløykoret sikrar finansiering for stillingsauken for framtida.

Ein utleigeavtale gir mindre risiko, og vil i større grad enn ein fast stillingsauke ivareta omsynet til faktisk tidsbruk for tilleggsarbeidet.

Kyrkjeverja har utarbeidd eit avtaleforslag for utleige av kantor (sjå vedlegg).

INNSTILLING

1. Askvoll sokn inngår utleigeavtale av kantor som føreslege av kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å gjere mindre justeringar i avtaleteksten.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokn inngår utleigeavtale av kantor som føreslege av kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å gjere mindre justeringar i avtaleteksten.

FR 2022/16 Avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin bispedømmeråd og Askvoll sokneråd

UTGREIING

Bjørgvin bispedømme har, med utgangspunkt i AML § 3-1 pkt. 2b, teke initiativ til ein samordningsavtale om HMS-arbeidet mellom bispedømmerådet og kvart einskild kyrkjeleg fellesråd i bispedømmet. Den aktuelle bestemmelsen seier:

[Arbeidsgivar skal] ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt,

Den norske kyrkja sitt felles arbeidsmiljøutval har utforma avtaleforslaget (ligg ved).

Etter AML § 2-2 skal kvar arbeidsgivar sjå til at når andre arbeidstakarar enn verksemda sine eigne tilsette utfører arbeidsoppgåver knytta til verksemda sin aktivitet, sjå til at eiga verksemd er innretta slik at også andre enn eigne arbeidstakarar er sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Askvoll sokneråd har som hovudverksemd ansvar for samordning av dei enkelte involverte verksemder sitt HMS-arbeid.

Vurdering:

I regelverket om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet for arbeidstakarar hos andre arbeidsgivarar som utfører oppgåver for verksemda, ligg det eit klart ansvar for Askvoll sokneråd for å sikre eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø for desse.

Initiativet frå Bjørgvin bispedømmeråd er svært positivt, då ein kan få formalisert samordningsarbeidet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd er positiv til initiativet frå Bjørgvin bispedømmeråd, og godkjenner den føreslegne samordningsavtalen om HMS-arbeidet slik den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd er positiv til initiativet frå Bjørgvin bispedømmeråd, og godkjenner den føreslegne samordningsavtalen om HMS-arbeidet slik den ligg føre.

SR 2022/17 Offerlister 2022

UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 18. april 2022. Ein bør vedta offerliste for resten av første halvår. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista ut første halvår (t.o.m. 26. juni) er fastsett.

Gudstenesteliste med innkomne offerforslag

Kirke	Dato	Tid	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	08.05.2022	11:00	Gudsteneste	Redd Barna
Askvoll kyrkje	17.05.2022	10:00	Gudsteneste	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	26.05.2022	14:00	Gudsteneste	Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	26.06.2022	17:00	Gudsteneste	Lørdagsklubben
Bulandet kapell	26.05.2022	11:00	Gudsteneste	Bulandet kapell
Bulandet kapell	06.06.2022	10:30	Gudsteneste	Stefanusalliansen
Holmedal kyrkje	24.04.2022	11:00	Gudsteneste	Holmedal bedehus
Holmedal kyrkje	17.05.2022	11:15	Gudsteneste	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	12.06.2022	14:00	Gudsteneste	Ikkje offer
Kvammen kapell	22.05.2022	11:00	Gudsteneste	Kvammen kapell
Kvammen kapell	12.06.2022	11:00	Gudsteneste	Skilbrei ungdomssenter
Vilnes kyrkje	07.05.2022	11:00	Gudsteneste	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	05.06.2022	11:00	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste ut første halvår.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste ut første halvår.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.